



Roger Hartveit
Vestre Kleppsvegen 50
5283 FOTLANDSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10455 - 20/64583

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
14.10.2020

Du må rette det ulovlege tilfellet - vedtak om retting og tvangsmulkt - gbnr 221/1 Eikefet

Administrativt vedtak:	Saknr: 1088/20
Tiltak:	Ulovleg terrenginngrep
Byggjestad:	Gbnr: 221/1 Eikefet
Tiltakshavar:	Johannes Tyssebotn
Ansvarleg for utført inngrep:	Roger Hartveit

VEDTAK:

Med heimel i pbl § 32-3 pålegg Alver kommune å tilbakeføre utført terrengarbeid. Dette inneber fjerning av tilførte massar på staden, samt gjenoppretting av elveløpet slik det var før arbeida vart sett i gang. Elveløp som ligg tørt ved normalvannstand, må reetablerast slik at det får tilbake den opphavlege kapasiteten og funksjonen som det hadde før utfyllinga. Flyfoto og bilete tekne på staden vil bli nytta for å vurdere tilbakeføringa. Arbeida må gjennomførast skånsamt utan ytterlegare skade på elveløpet. Rettingsarbeidet skal vere gjennomført innan 15.12.20. Alver kommune skal ha skriftleg tilbakemelding når forholdet er retta.

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt på kr. 20 000 og dagmulkt på kr. 500 dersom terrenginngrepet og tilbakeføringa ikkje er retta og kommunen har motteke biletdokumentasjon på dette innan 15.12.20.

Saka gjeld

Kommunen viser til varselet vi sendte den 30.06.20.

Bakgrunnen for førehandsvarselet var utførte terrenginngrep mot/i Eikefetelva, som er eit verna vassdrag, utan at det ligg føre løyve til arbeida.

I førehandsvarselet vart det opplyst at det ville kunne verte fatta vedtak om retting av ulovleg tiltak og ilegging av tvangsmulkt. Det vart også opplyst om at du hadde rett til å kome med

uttale før vedtaket vart fatta, jf. plan- og bygningsloven (pbl) § 32-2 fyrste ledd.

Det er 22.06.20 mottake uttale til førehandsvarslinga frå grunneigar. Uttala går i all hovudsak ut på at grunneigar ikkje har noko med saka å gjere og at han heller ikkje har vorte tilspurt om arbeidet. Kommunen si vurdering av uttala er at denne samstemmer med informasjon og samtaler med leigetakar som har vedkjent å ha utført arbeida. Grunneigar kommenterte også arbeid på andre sida av elva. Dette blir handsama i eiga sak og påverkar ikkje handsaminga av denne saka.

Vi har ikkje mottatt nye opplysningar som får verknad for kommunen si vurdering av saka og vi har heller ikkje mottatt søknad om løyve.

Kommunen pålegg deg å tilbakeføre terrenginngrepet innan 15.12.20.

Med tilbakeføring av terrenginngrepet meiner vi at må tilførte massar må fjernast og at elveløpet, som ligg tørt ved normalvasstand, må reetablerast slik at elva får tilbake den opphavslege kapasiteten og funksjonen den hadde før utfyllinga.

Vi vedtek samstundes ei tvangsmulkt på kr. 20 000 og ei dagmulkt på kr. 500 frå 16.12.2020 inntil kommunen får dokumentasjon på at tiltaket er retta.

Dersom du rettar opp terrenginngrepet innan fristen, slepp du å betale tvangsmulkta.

Forfallen tvangsmulkt vil bli kravd inn utan vidare varsel. Kommunen vurderer at sanksjonane er rimelege i høve det ulovlege tilfelle. Pålegg kan tinglysast som hefte på eigendomen om tiltaket ikkje vert ført tilbake.

Grunngjeving for vedtaket

Alver kommune var på synfaring den 26.09.19. Det vart då konstatert omfattande terrenginngrep på eigedom med gbnr. 221/1 samt utfylling i elveløp til Eikefetelva. Eikefetelva er eit verna vassdrag og tiltak i og langs elva krev løyve og dispensasjon.

Vesentleg terrenginngrep er søknadspliktig i etter pbl § 20-1/ 20-2 og krev dispensasjon etter pbl § 19-2. Alver kommune kan ikkje sjå ut ifrå vårt saksarkiv at det er gjeve løyve til tiltaket. Terrenginngrepet er dermed i strid med plan- og bygningslovgivinga.



Bilete motteke 23.09.20 som viser start med oppdemming av sideløp til Eikefetelva.



Bilete teke på synfaring 26.09.20 som viser at omfattande mengder av tilførte massar på staden.



Bilete teke på synfaring 26.09.20 som viser at sideløp på elv er stengt igjen og at terrenget er heva og tilpassa eksisterande slåttemark/beiteområde.

Kva kan du gjere for å rette opp det ulovlege forholdet/tilfellet?

1. Du kan tilbakeføre tiltaket

Du kan rette opp det ulovlege forholdet ved å tilbakeføre terrenginngrepet slik det er gjort greie for i vedtaket.

Du er sjølv ansvarleg for å gje beskjed til Alver kommune når terrenginngrepet er tilbakeført.

Send dokumentasjonen til post@alver.kommune.no eller som brev til postadressa vår: Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug. Husk å merk e-post/brev med saksnummer.

2. Sende inn en byggesøknad

Du eller ein ansvarleg søkjar kan sende oss ein komplett søknad om å få forholdet godkjent i ettertid. Vi vil vurdere å sette denne tilsynssaka i bero mens byggesøknaden behandlast.

- Søknaden sender du til post@alver.kommune.no eller som brev til postadressa vår: Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug. Merk e-post/brev med saksnummer og gards- og bruksnummer.

Når vi har mottatt dokumentasjonen frå deg som viser at forholdet/tilfellet er retta eller byggesøknad godkjent kan vi avslutte saka.

Du kan søke om utsett frist

Dersom du har vanskar med å rette forholdet/tilfellet innan fristen, kan du søke om å få fristen utsett. Du må sende inn ein grunngeven søknad og foreslå ein ny rimeleg frist.

Kva skjer dersom du ikkje rettar tilfellet?

Dersom du ikkje rettar forholdet/tilfellet innan fristen, må du betale tvangsmulkt. Vi kan vedta nye og høgare tvangsmulktar dersom det ulovlege forholdet/tilfellet fortsett.

Vi kan og gje deg eit førelegg som kan få verknad som rettskraftig dom.

Førehandsvarsel om gebyr for brot

Vi gjev med dette varsel om at Alver, vil kunne fatte vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det følgjer av føreseigna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

Bakgrunn for førehandsvarsel om gebyr for brot

Etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd kan gebyr for brot berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følgjer av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at *«aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.»*

Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er forsettlig eller uaktsamt fordi terrenginngrepet er av eit slikt omfang at utførande burde forstått at slikt arbeid er søknadspliktig. Det har også betydning for vurderinga at tiltaket er utført nært opp til og i eit verna vassdrag.

Dykkar rettigheter

De har rett til å uttale dykk før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot. **Frist for uttale er sett til 15.11.2020.** Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Regelverk

- Plikt til å søkje om løyve følgjer av pbl. § 20-2, jf. § 20-1 bokstav k
- Kommunen sin rett til vedtak om pålegg om å rette det ulovlege forholdet følgjer av pbl. § 32-3 første ledd
- Kommunen sin rett til vedtak om tvangsmulkt følgjer av pbl. § 32-5.
- Sanksjonane skal vere rimelege i høve til det ulovlege tilhøvet, jf. pbl. § 32-10.
- Tvangsmulkt kan krevjast inn etter reglane i tvangsfullbyrdingslova § 7-2 e, som særleg tvangsgrunnlag, utan dom for kravet.
- Pålegg som ikkje vert etterkome innan fastsett frist, kan følgjast opp med førelegg, jf. pbl. § 32-3 tredje ledd. Etter pbl. § 32-6 kan førelegget få verknad som rettskraftig dom.
- Kommunen kan politimelde forholdet etter pbl. § 32-9 om straff.
- Pålegg kan etter pbl. § 32-3 fjerde ledd, tinglysast som hefte på eigendomen.

Har du spørsmål eller vil ta kontakt med oss?

Dokumentasjon og skriftleg kontakt i saka skal sendast til post@alver.kommune.no. Du kan ta kontakt med oss i kundesenteret 09:00 til 14:30 på kvardagar på telefon?

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10455

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Johannes Tyssebotn

Vestre Kleppsvegen 122

5283

FOTLANDSVÅG

Mottakarar:

Roger Hartveit
Roger Hartveit

Vestre Kleppsvegen 50

5283

FOTLANDSVÅG